


Oktobernatt under open himmel på Melderskins topp.

10.10.2016




Månen lyser frå stjernehimmelen ved solnedgang.

Det høyrest ut som eit eventyr, og det var vel slik Vigdis Gammelsæther opplevde det også då ho overnatta heilt åleine under open himmel 1426 moh frå fredag til laurdag. Vigdis og familien har berre budd i Kvinnherad eitt års tid. Likevel er den positive og sporty dama blitt godt kjent både med folk, fjell og natur.



[Ved varden var det super sengeplass.](#)

Her i Uskedalen kjenner vi Vigdis mellom anna som leiar for bufellsskapa for mindreårige flyktningar, og ho har kontor i huset på Stølen. I tillegg er ho også aktiv i klatremiljøet, og er ein av dei som syt for drifta av klatreveggen i Aktivitetshuset. Ho er også ein av initiativstakarane til Røde Kors sin Møteplass for inkludering. Etter at ho flytta til Kvinnherad, har ho vorte godt kjend i fjella, og det har gjeve ho mange flotte opplevingar. Sist helg fekk ho ei heilt spesiell oppleving då ho hadde naturen heilt for seg sjølv då ho overnatta på toppen av Melderskin natt til laurdag. Heilt åleine var ho rett nok ikkje. Ho fekk besøk av sju ryper.



7 ryper var einaste besøket.

Vermeldingane slo til, og det var ikkje eit vindpust på toppen.

- Eg har vore nokre turar på Melderskin siste året, men eg har aldri opplevd det så stille nokon gong. Det var varmt og fint, og eg gjekk i singlet klokka sju om kvelden. Etter at sola gjekk ned, vart det sjølvsagt kaldare, men det var heile tida heilt stille.

Ho fortel at ho hadde det varmt og fint gjennom natta.


- Eg har ein god vinterpose, og sjølv om det var 4-5 minus, hadde eg det flott, seier ho og fortel vidare kor vanvittig fint det var. Solnedgang, stjernehimel, måne, soloppgang, ja, alt var heilt ubeskriveleg. Å oppleva denne klare, stille haustnatta under open himmel var berre heilt fantastisk, fortel ei begeistra Vigdis Gammelsæther samstundes som ho oppfordrar fleire til å sova under open himmel i staden for i telt.

- Det blir ei heilt anna oppleving, seier ho. Ho har også overnatta på Melderskin tidlegare, men det var ei fullmånenatt i juli i fjor.

Det er imponerende å høyra kor godt kjend Vigdis Gammelsæther er vorten med naturperlene i kommunen vår på den korte tida dei har budd her. Ho fortel at ho likar å gå stadig nye stader. Derfor brukar ho kartet flittig og er ikkje fanga av det vi kan kalla standard-turane.

Ho fortel at dei var spente på korleis dei ville trivast då dei flytta til Kvinnherad. Ho er oppvaksen på gard på Hurumlandet og mannen er frå Nederland. Dei har stort sett budd i store byar i inn- og utland dei siste 15 åra, så det er ikkje rart at det var spenning knytta til flytting til ei vestnorsk bygd då mannen skulle byrja i jobb på Harding.

Etter eitt år kan dei slå det fast! Heile familien stortrivest. Dei føler seg godt mottekne og opplever folk både positive og inkluderande. Kjekt å høyra frå ei som verkeleg veit kva positivitet og inkludering betyr!



Soloppgang.



Ein ny dag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Vigdis Gammelsæther(Takk for at vi fekk låna dei!)

